



Rili Eiendom AS  
Rossnesvegen 71  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2731 - 15/7775

Saksbehandlar:  
Line Hervig  
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:  
30.06.2015

## Byggesak Gbnr 25/109 Haugland - tomannsbustad - igangsetjingsløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 175/2015

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

**Adresse** : Bøtjørnvegen 122  
**Tiltakshavar** : Rili Eiendom AS  
**Ansvarleg søker** : Arkoconsult AS  
**Søknadstype** : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett – igangsetjingsløyve

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for oppføring av tomannsbustad og riving av eksisterande grunnmur på eigedom gbnr.25/109 Haugland.

Det er gjeve rammeløyve til tiltaket i sak nr. 253/2014 datert 27.11.2014.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og offentleg avløp. Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til det kommunale vassverket den 19.06.1997.

## Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997089782, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO betongarbeid og radonsikring.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Byggmester Øystein Rikstad**, org.nr. 971147172, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO murerarbeid, pipe, våtrom, tømmerarbeid og ventilasjon.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Haugland Entreprenør AS**, org.nr. 892798702, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO graving og planering.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Hole VVS AS**, org.nr. 999540708, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO røyrleggjararbeid.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997089782, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF betongarbeid og radonsikring.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Byggmester Øystein Rikstad**, org.nr. 971147172, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF murerarbeid, våtrom, tømmerarbeid og ventilasjon.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **Haugland Entreprenør AS**, org.nr. 892798702, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF graving og planering.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **Smart Varme AS**, org.nr. 997556623, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF skorstien/eldstad.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hole VVS AS**, org.nr. 999540708, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF røyrleggjararbeid.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket **Innmålingstjenester AS**, org.nr. 979927703, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF innmåling og utstikking av tiltak.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Byggm. Terje Kleivdal**, org.nr. 954702308, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde KONTROLL av våtrom og lufttettheit i bustad.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

### Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.06.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Vedtak:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a og e vert det GODKJENT søknad om igangsetjingsløyve som omsøkt for oppføring av tomannsbustad og riving av eksisterande grunnmur på følgjande vilkår:**

1. Vilkår sett i tidligare løyve gjeld framleis.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 19.06.1997, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
4. Tiltaket skal knytast til offentleg avløpsanlegg og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KONTR) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:**

FØRETAK      L/S \*      FUNKSJON      TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Arkoconsult AS	S	PRO	1	Betongarbeid og radonsikring
Byggmester Øystein Rikstad	L	PRO	1	Murerarbeid, pipe og våtrom
Byggmester Øystein Rikstad	L	PRO	1	Tømrerarbeid og ventilasjon
Haugland Entreprenør AS	L	PRO	1	Graving og planering
Hole VVS AS	L	PRO	1	Røyrleggjararbeid

Arkoconsult AS	S	UTF	1	Betongarbeid og radonsikring
Byggmester Øystein Rikstad	L	UTF	1	Murerarbeid og våtrom
Byggmester Øystein Rikstad	L	UTF	1	Tømrerarbeid og ventilasjon
Haugland Entreprenør AS	L	UTF	1	Graving og planering
Smart Varme AS	S	UTF	1	Skorstien/eldstad
Hole VVS AS	L	UTF	1	Rørleggjararbeid
Innmålingstjenester AS	S	UTF	1	Innmåling og utstikking av tiltak
Byggm. Terje Kleivdal	S	KONTR	1	Kontroll av våtrom og lufttettheit i bustad

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	2 700
Kode 10.2.9 b)	Lokal godkjenning av ansvarsrett, kr 810 x 3 stk	kr	2 430
	Totalsum	kr	5 130

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at

høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2731

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig  
jurist/ byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Rili Eiendom AS

Rossnesvegen 71 5937

BØVÅGEN